



**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

**Miljøvernavingdelinga**

**Forvaltningsplan for  
Veøy landskapsvernområde  
i Molde kommune**



*Bildet på framsida viser mellomalderkyrkja og prestegarden i Veøy landskapsvernområde i Molde kommune (foto: Fylkesmannen).*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset  
6404 MOLDE  
[www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)

Rapport nr:  
2017:1

Dato:  
15.12.2017

**Tittel:**  
FORVALTINGSPLAN FOR VEØY LANDSKAPSVERNOMRÅDE

**Forfatter:**  
Maria Aastum, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Godkjenning:**  
Forvaltningsplan for Veøy landskapsvernområde er ein plan for framtidig skjøtsel av verneområdet etter Naturmangfaldlova § 47. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har godkjent planen etter høyring.

**Referat:**  
Veøy landskapsvernområde vart verna i 1970 med føremålet å ta vare på eit historisk kulturlandskap med eit eigenarta miljø kring Veøy gamle fylkeskyrkje. For å ta vare på desse verdiane er det vedteke verneforskrift for området. Denne forvaltningsplanen skal utdjupe kva som er tillate og kva som er forbode etter forskrifta. Planen skal vidare kartlegge verneverdiane og brukarinteressene, samt definere bevaringsmål og tiltaksbehov.

Bevaringsmåla i forvaltningsplanen er fastsett med bakgrunn i verneformålet. Dei viktigaste verdiane i landskapsvernet er knytt til tidlegare dyrka mark og beiteland, skogen og dei store askane. Forvaltningsplanen definerer tiltak som å hindre nye inngrep, fjerne framande artar og halde jordbruksareala opne.

Forvaltningsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør reviderast minst kvart 10. år.

**Emneord:**  
Naturvern, naturkvalitet, forvaltningsmål,  
bevaringsmål, skjøtsel.

ISBN (Nett-utgåve): 978-82-7430-285-3

ISSN: 1891-876X



Ola Betten  
fagansvarleg



Linda Aaram  
miljøverndirektør

## Innhold

1 INNLEIING .....	6
2 SKILDRING OG STATUS .....	7
2.1 Områdeskildring .....	7
2.2 Egedomsforhold .....	8
2.3 Brukshistorie.....	8
2.4 Naturfaglege verdier .....	10
2.4.1. Vegetasjon.....	10
2.4.2. Fugle- og dyreliv .....	11
2.4.3. Truslar.....	11
2.5 Kulturminne.....	13
2.5.1. Truslar mot kulturminne .....	15
2.6 Bevaringsmål .....	16
2.6.1. Vegetasjon.....	16
2.6.2 Dyre- og fugleliv.....	17
2.6.3 Kulturminne.....	18
Tabell 1: Bevaringsmål og tiltak for Veøy landskapsvernområde .....	19
3 BRUKARINTERESSER .....	21
3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser.....	21
3.2 Jordbruk og skogbruk .....	21
3.3 Friluftsliv og jakt .....	23
3.4 Omvising, undervising og forskning.....	24
3.5 Informasjon .....	25
3.6 Bygningar og tekniske inngrep .....	25
4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK .....	26
4.1 Oppsyn.....	26
4.2 Skjøtsel og restaurering.....	27
4.3 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar .....	29
4.4 Informasjon .....	29
5 SAKSHANDSAMING .....	31
5.1 Forvaltingsstyresmakt .....	31
5.2 Lovverk, føringar og forvaltning .....	31
5.2.1 Verneforskrifta .....	31
5.2.2 Naturmangfaldlova.....	31

5.2.3 Forholdet til anna lovverk .....	33
5.2.4 Søknapdpliktige aktivitetar og tiltak .....	33
5.2.6 Skjøtsel .....	33
5.2.7 Generelt om dispensasjon frå verneforskrifta .....	34
5.2.8 Retningsliner for sakshandsaming.....	34
6 FORVALTINGSPLANEN SI GYLDIGHEIT .....	35
7 REFERANSAR.....	36
Publikasjonar .....	36
Nettstader .....	37
8 VEDLEGG.....	38
Vedlegg 1 – Verneforskrift.....	38
Vedlegg 2 – Naturmangfaldlova .....	40
Vedlegg 3 – Kulturminnelova .....	43
Vedlegg 4 – Tabell over planlagde tiltak i Veøy landskapsvernområde .....	45
Vedlegg 5 – Kart over planlagde tiltak .....	47
Vedlegg 6 – Planteplan asketre .....	48
Vedlegg 7 – Vernekart frå 1970.....	49
Vedlegg 8 – Sakshandsaming av forvaltingsplanen for Veøy landskapsvernområde .....	50

## 1 INNLEIING

Med heimel i lov om naturvern av 1. desember 1954 ble nordre del (Nordøya) av Veøya freda som verna natur- og kulturlandskap (landskapsvernområde) ved kongeleg resolusjon av 6. mai 1970. Fredinga kom i stand etter initiativ frå grunneigar den gongen, Wilhelm Coucheron-Aamot. Eigedomen vart overdrege til Romsdalsmuseet som testamentarisk gåve i 1990.



Figur 1: Veøya med Nordøya til høgre. Nordøya er freda som Veøy landskapsvernområde.

Foto: Øyvind Leren, 2008

Formålet med fredinga er å ta vare på eit historisk kulturlandskap med et eigenarta naturmiljø omkring gamle Veøy fylkeskyrkje, jf. *Forskrift om verning av natur og kulturlandskap, Veøy gnr. 122, bnr. 3, Molde kommune, Møre og Romsdal*. Kyrkja, prestegarden og kulturlandskapet utgjer ein heilheit av høg estetisk verdi. Veøy kyrkje og prestegarden er freda med heimel i lov om kulturminne av 9. juni 1978. Alle andre kulturminne er automatisk freda etter same loven.

Det er oppnemnt eit utval, Veøyutvalet, som skal følgje utviklinga i det verna området, kome med forslag til tiltak og uttale seg om viktige spørsmål av tyding for verneområdet. Utvalet består av eigaren, presten i Røvik og Veøy sokn, ein representant for naturvernmyndigheitene og ein for dei antikvariske myndigheitene. Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er forvaltningsmyndigheit for landskapsvernområdet. Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for forvaltninga av nyare tids kulturminne, mellom anna vedtaksfreda bygningar og SEFRAK-bygningar<sup>1</sup>. Fylkeskommunen forvaltar òg fornminne etter lov om kulturminne. Eigaren, representert av Romsdalsmuseet, har ansvaret for vedlikehald av prestegardsbygningane. Molde kommune eig og forvaltar kyrkja.

---


<sup>1</sup> SEFRAK er eit nasjonalt register over eldre bygningar og andre kulturminne.

Bakgrunnen for at Fylkesmannen og Veøyutvalet ønskjer ein forvaltingsplan for Veøy landskapsvernområde, er mellom anna å samkøyre dei ulike interessene i verneområdet: dei mange og viktige arkeologiske og kulturhistoriske verdiane på øya, naturverdiane med stort skjøtelsbehov samt bruken av øya som rekreasjonsmål. Forvaltingsplanen for Veøy landskapsvernområde skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta (vedlegg 1). Han skal sikre ei einsarta forvaltning av verneområda ved å gi konkrete retningslinjer for mellom anna bruk, informasjon, skjøtsel og saksbehandling. Planen kan ikkje utforme retningslinjer som går ut over det som er heimla i forskrifta. Planen skal gi ei skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser innanfor området, og om det er spesielle forhold som trugar eller kan truge verneverdiane. Planen er ikkje juridisk bindande, men gir retningslinjer for forvaltninga av området, og han skal synleggjere ansvarsforhold og forvaltingsmyndigheit.

## 2 SKILDING OG STATUS

### 2.1 Områdeskildring

Veøya ligg ytst i Langfjorden som er ei sidearm av Romsdalsfjorden. Veøya ligg 1 km frå naboøya Sekken og 2 km frå Sølsnes på fastlandet. Det er 50 km ut til ope hav.



**Figur 2: Veøya ligg sentralt i fjordsystemet, og har historisk vore ein viktig møtestad.**

Eit lågareliggende eid deler Veøya i to; Nordøya og Sørøya. Totalt areal for Veøya er 1,1 km<sup>2</sup>. Berggrunnen i området er dominert av gneis med innslag av kvarts, kvit eller lyseraud feltspat, svart glimmer eller hornblende. Området vart danna under den kaledonske fjellkjedefoldinga for 400-500 millionar år sidan. Jordsmonnet på Veøya er for det meste eit tynt morenedekke over bart fjell. Med unntak av gamal åkermark på Sørøya, er det lite lausmassar. På det lågare eidet er det avsetningar av marin leire.

Klimaet på Veøya er oseaensk (kystpåverka) med relativt kjølige somrar, milde vintre og mykje nedbør.

Veøya landskapsvernområde omfattar Nordøya. Verneområdet har et areal på ca. 350 dekar. Om lag halve arealet (48,4%) er lauvskog. 15,2 % er innmarksbeite, 15,1 % barskog og 14,4 % av arealet er dyrka mark. Resten av arealet er vatn (3,3 %), «anna jorddekt fastmark» (1,9 %) og grunnlendt mark (1,6 %).

I følgje vegetasjonsatlasen (Moen, 1998) ligg Veøy landskapsvernområde i sørboreal sone (sørleg barskogsone). Barskog dominerer i denne sona, men det finst store areal med oreskog og høgmyr, samt bestandar av edellauvskog og tørrengvegetasjon. Typisk for sonen er eit sterkt innslag av artar med krav til høg sommartemperatur. Denne sonen dominerer ved havnivået på vestlandet nord for Sunnmøre. I kystområda i Møre og Romsdal går sonen opp til om lag 200 meter over havet, medan den i dei indre strøk (Romsdalen, Sunndalen innover til Lønset) går opp til om lag 400 moh.

## 2.2 Eigedomsforhold

Landskapsvernområdet omfattar berre eigedomen gnr. 122 bnr. 3. Wilhelm Coucheron Aamot testamenterte i 1990 prestegarden med uthus til Romsdalsmuseet. Etterkomarane til Coucheron Aamot har rett til å bruke eigedomen til fritidsbustad. Molde kommune eig kyrkja, og den er framleis under kyrkjeleg administrasjon. Resten av øya er eigd av Opplysningsvesenets fond.

## 2.3 Brukshistorie

Veøya ligg sentralt i fjordsystemet, har gode naturhamner og har vore ein sentral møttestad i fleirfaldige hundreår. Veøya betyr "den heilage øya", og har truleg vore ein heidensk kultstad.

På Veøya har kulturpåverknad hatt stor tyding for utforming av landskapet og vegetasjonen. På Sørøya finnes det tydelege spor etter busetting og åkerbruk i form av djupe åkerreiner (kanten på åkera) og over femti rydningsrøyser. Så tidleg som i overgangen mellom yngre steinalder og eldre bronsealder (ca. 1900 – 1500 f. Kr) var det altså dyrka mark på Veøya.


Både skriftlege kjelder, som til dømes Snorre, og arkeologiske funn peiker mot at Veøya var ein kjøpstad, og eit kyrkjeleg og politisk sentrum i Mellomalderen. Veøya hadde sin blomstringstid i perioden ca. 1000-1350, altså i tidleg- og høg mellomalder. Mykje tyder på at det kanskje har budd 350-400 menneskje her, i alle fall i sommarhalvåret. På den tida var framleis Sørøya dyrka, og det er ikkje usannsynleg at dei som budde i kjøpstaden også hadde dyr på beite og at det vart hausta vinterfôr til dyra.

Svartedauden (ca. 1350) førte til eit stort folketap. Av ulike årsaker vart det slutt på administrative og økonomiske aktivitetar på Veøya, og kjøpstaden forfall. Veøy kjøpstad forsvann i løpet av 1300-tallet. Samtidig vart det slutt på jordbruksdrifta på Sørøya, og området vart etter kvart kledd med skog. Mesteparten av folket som hadde budd på Veøya forsvann, og etter kvart var berre presten og hans hushald att på øya.

Vinteren 1756 gjekk Noregs største fjellskred i historisk tid: 12–15 millionar kubikkmeter stein rasa ut i Langfjorden ved Tjelle. Den såkalla Tjellefonna skapte tre flodbølgjer som var fleire titals meter høge. På Nesset prestegard vart eit stolpehus 75 m frå sjøen øydelagt, og på Gjermundnes, om lag 40 km unna skredstaden, vart det rapportert om store skader. Augewitne fortalde at på Veøya gjekk vatnet om lag «20 skridt» (om lag 15 m) høgare opp på land enn vanleg ved storflo, og her vart det også stor materiell skade. Omfanget av skadane kjenner vi ikkje til.



Prestegarden vart drive fram til 1890-årene. Da Coucheron-Aamot kjøpte garden i 1906 hadde han lege brakk nokre år, og det kravde stor arbeidsinnsats for å dyrke opp og gjere garden drivverdig etter datidas standard. Garden ga likevel ikkje særleg stor avkasting, og i 1927 vart det slutt på husdyrhaldet. Coucheron-Aamot satsa etter kvart på frukt og bær. Han sa han hadde planta 400 epletre og meir enn 300 bærbuskar. Kanskje var det ikkje fullt så mange, men det står framleis att fleire gamle frukttrre og ulike bærbuskar som vitnar om produksjon, stor eller liten.



Figur 3: Kart over arealbruken i 1906. Etter Lunde, 1986

All gardsdrift vart lagt ned i 1945. Dette førte til attgroing og forfall av dyrka mark og frukthagar. Grunneigaren har slege graset nærast våningshuset kvar sommar også etter at dei flytta frå øya. I 1970 vart deler av Veøya verna etter initiativ frå dåverande grunneigar, som mellom anna hadde eit ønske om at innmarka skulle beitast og slåast.

Frå vernetidspunktet har graset nærast bygningane vore slått årleg. Midt på 1980-talet starta skjøtselen av ein større del av innmarka opp. Tre og buskar vart fjerna, og gras vart slått.



Foto: S. Lunde

Foto: S. Lunde

Foto: Fylkesmannen

Fig. 4: Område med frukttrre nedanfor kyrkjegarden før rydding i 1985, etter rydding i 1985 og no i 2016.

Sidan har innmarka vore slått kvart år.

Hausten 2003 vart det sett ut utegangarsau på vinterbeite. Frå den hausten har det vore sau på øya kvar vinter, og sidan våren 2013 har dei beita heile året.

## 2.4 Naturfaglege verdiar

### 2.4.1. Vegetasjon

Dei naturfaglege verdiane er først og fremst det flotte kulturlandskapet som er forma av jordbruksdrift og anna aktivitet gjennom meir enn tre tusen år.

Den lange kontinuiteten av store gamle edellauvtre, særleg ask, med rik lavflora er av stor verdi. Fleire indikasjonar finns på at det har vore gamle edellauvtre i området rundt kyrkja i lang tid. Olafsen, som var født i 1843, fortel om store asketre på Veøya i sin barndom, men at dei store trea var borte i 1926. Det kan sjå ut som om asketrea har vorte erstatta

O. Olafsen skriv i 1926: «Særlig må dog nævnes askene paa Veøy, som vistnok er enestående i vort land. De skriver sig vel fra den tid, da der var en liden by her; muligens er de oprindelig plantet. Nu er de største og vakreste træer forsvundet; men i min barndom stod de og vakte almindelig beundring ved sin størrelse og sin skjønhed.»

seint på 1800-talet. I

1984 vart eit tre

aldersbestemt til 97 år, så dei store, gamle askane vi ser i dag er sannsynlegvis planta seint på 1880-talet. I Veøyboka kan vi lese at Dorothea von der Lippe Christensen hugsar at det i hennar barndom i 1850-åra vaks fleire «svære asketrær» på øya. Vidare kan vi på gamle tresnitt og måleri frå 1840 og -50-åra, sjå at det stod fleire store lauvtre på og omkring kyrkjegarden og ovanfor naustet som låg i Sørvågen. Desse skildringane tyder på at det har vore asketre på Veøya i veldig lang tid.

For edellauvtrea er det viktig at dei får stå, og at daude og gamle tre eller grove gamle stubbar ikkje blir fjerna. Det er også viktig å sikre ei jamn rekruttering av nye tre. Det er da truleg best om dei opphavelege treslaga som ask og alm dominerer.



Figur 5: Edellauvtre. Foto: Fylkesmannen

I 1994 vart det gjort ei kartlegging av vegetasjonen på Veøya. Området markert med blå strek på kartet (Figur 6) vart klassifisert som naturtypen naturbeitemark med verdi B (viktig). Området fekk verdi B på grunn av at det fanst intakte enger som vart slege og kor det fanst enkelte kravfulle planteartar, samt ein raudlista beitemarksopp.

Det vart i 1994 påvist ein rik flora av lavartar knytt til store gamle tre, særleg ask. Det vart også funne 50 planteartar i kulturmarka, men av desse var det berre få naturengplantar, mellom anna blåklokke, dunhavre, smalkjempe og tiriltunge. Tidlegare (1934) er det funne eit par litt kravfulle engartar som bakkeveronika og markfrytle.



Figur 6: Utbreiing av naturbeitemark. Kart frå Gislink

Vidare vart det på 1990-talet funne ein del beitemarksopp mellom anna raudlistearten skifervokssopp (nært trua).

I Artsdatabanken sitt Artskart er det registrert eit funn av trollnype ved Futgarden. Denne rosa er kategorisert som sårbar på raudlista.

På Katneset finn vi ei gamal slåtteeing som vart slege frå Coucheron Aamot starta opp att drifta i 1906 og fram til 1946 (Lunde 1986). Enga har vore slått årleg sidan midten på 1980-talet. Dette gjer at engane har potensiale for høg artsrikdom, og den er med og viser korleis kulturlandskapet vart skjøtta i tidlegare tider.

Slåttemark er ein utvalt naturtype. Naturmangfaldlova opnar for å gi enkelte naturtypar ekstra vern som utvalde naturtypar. Dette kan være naturtypar som er trua eller på anna måte er viktige for å ta vare på naturmangfaldet. Slåtteeingene er et stykke levande kulturhistorie, og er eit resultat av hundreår med samspel mellom menneskje og natur. Den tradisjonelle skjøtselen, utan bruk av kunstgjødsel, har forma slåttemarkane. Ei slåttemark er berar av både natur- og kulturarv. Før hausta bøndene vinterfåret frå store areal i både innmark og utmark, og resultatet vart ei mengde ulike typar slåttemark som spegla naturgrunlaget på staden. Felles for desse er at dei ofte har stor artsrikdom.

### 2.4.2. Fugle- og dyreliv

I 1910 sette grunneigaren ut nokre rådyr henta frå Danmark, og det utvikla seg etter kvart ein fast stamme på øya. Det er framleis dyr på Veøya, men vi har ikkje tal på kor stor stammen er i dag. Noko utveksling av dyr til og frå Sekken og fastlandet vil det nok også vere.

For andre dyr og fuglar er det lagt inn nokre enkeltobservasjonar i kartdatabasen Artsobservasjoner.no, mellom anna oter og kongeørn, men det er ikkje gjort systematiske kartleggingar av dyre- og fuglelivet på Veøya i seinare tid.

I 1973 påviste ein skuleklasse frå Molde gymnas 50 ulike fugleartar (Lund 1986). Mange av dei registrerte artane er knytt til granskogen og den glisne furuskogen på Sørøya. Andre igjen er knytt til typisk attgroingsmark, gjerne fuktige område. Det vart også registrert ein god del sjøfugl.

### 2.4.3. Truslar

Dei viktigaste verneverdiane i Veøy landskapsvernområde er det historiske kulturlandskapet og det eigenarta naturmiljøet kring Veøy gamle fylkeskyrkje. Tilstanden til desse verneverdiane er relativ god. Det er nokre faktorar som kan ha negativ innverknad på naturkvalitetane og kulturminne, som må følgjast opp på ulike vis.

Dei store asketrea er med å prege kulturlandskapet, og det er viktig å ta vare på dette elementet i landskapet. Dessverre har fleire av dei store askane døydd eller er i ferd med å dø. Dei har vorte råka av



Figur 7: Skadde og sjuke asketre.

Foto: Fylkesmannen

askeskottsjuke, årsaka av soppen askeskottbeger. Trea får infeksjonar på blad og bladstilkar og vidare nekrosar som raskt drep unge tre. Sjuke tre har lett for knekke i vind, og fleire er tatt ned for ikkje å velte over kulturminne eller skade folk som ferdast på innmarka. Trea må haldast auge framover og fjernast etter behov. Forskarar ved NIBIO har sett i gang eit prosjekt for å få fram individ av ask som er motstandsdyktige mot askeskottsjuke. Veøyutvalet ønskjer å plante slike tre om det etter kvart blir avla fram ein god sort.

I Veøy landskapsvernområde er det registrert nokre artar som er oppført på Artsdatabanken si «Svarteliste». Artane på svartelista er framande artar i naturen, dei spreier seg raskt og har evna til å konkurrere ut stadeigne plantar. Sjølv om desse artane ofte er gamle hageplantar, og dermed har ein viss kulturhistorisk tyding, er det ikkje alle vi skal ta vare på. Framande artar er vurdert etter kor stor økologisk risiko dei vil kunne ha for norsk natur og er så delt inn i ulike kategoriar; ingen kjent risiko, lav risiko (LO), potensielt høg risiko (PH), høg risiko (HI) og svært høg risiko (SE).

Ved Futgarden vart det i 2005 registrert mellomvalurt (HI), hollandrips (PH), skogforglemmegei (PH) og gravveronika (PH). Same år vart det i tunet registrert krypfredlaus (HI). (Artskart.no)

Tidlegare vaks det mykje platanlønn på Veøya, som er ein framand art med stort potensiale for fortrenging av stadeigne artar. Det har i dei seinaste åra vore gjort ein stor innsats for å fjerne frøtre av platanlønn, og det ser ut til at det har vore vellukka. Det som eventuelt spirar opp no blir raskt ete opp av sau på beite.

Kulturlandskapet er avhengig av skjøtsel for ikkje å gro att. Sidan 80-talet har det vore gjort ein stor innsats for å restaurere kulturlandskapet. Graset på innmarka har vore slege minst ein gong i året sidan midten på 1980-talet. I over ti år har det vore beita på Veøya - dei tre siste åra heile året. Dette har letta skjøtelsesarbeidet vesentleg, men det har samtidig nokre uheldige konsekvensar. Beitedyra har lagt sin elsk på areala mellom våningshus og kyrkje, og det har ført til skadar på kyrkjegardsmur, gravminne og hageplantar.

Ein naturleg konsekvens av at det er dyr på beite er at det er mykje saueskit på innmarka, og særleg rundt kyrkja og våningshuset der dei oppheld seg mest. Dette er til tider eit problem, spesielt i periodar med mykje regn. Blaut saueskit sett seg under sko, og det er ikkje triveleg å setje seg ned i graset. Folk som besøker øya vil først og fremst oppleve kulturmiljøet rundt bygningane, akkurat det same området der sauene finn ly for vêr og vind, samt skugge på varme dagar. Her er det no planar om å sette opp gjerde, og det vil fjerne problemet med saueskit i det viktigaste kulturmiljøet. Gjerdet vil også hindre dyra i å beite på hageplantar, og det vil bli mindre slitasje på steinmuren, gravminne og bygningar.



Figur 8: Stein rasar ut frå muren. Foto: Fylkesmannen

Sau beiter selektivt, og sett att artar som tistel, brennesle og siv. Desse artane får dermed moglegheit til å frø seg, og dei må haldast under kontroll ved slått før dei set frø.

Slåttemarka på Katneset var dei første åra med sommarbeite beita ned. Dette gjorde at plantene ikkje rakk å sette frø i særleg grad. Når sauene fekk gå der heile sommaren vart det også gjødsla ein del der. Enga har endra karakter ved at det no er meir gras og mindre blomsterplantar der, men det er von om at dette vil betre seg når det før sommarsesongen i 2015 vart sett opp gjerde rundt engas slik at vegetasjonen ikkje blir beita ned.

Det er i følgje Artsdatabanken fleire faktorar som kan true slåttemarker. Dei største areala er trua av gjengroing om drifta sluttar. Også oppdyrking, gjødsling, tidlegare slåttetidspunkt enn før, og beite som skjøtsel, i staden for slått, trugar slåtteengar. Det er derfor viktig å fortsette å slå graset på seinsommaren eller tidleg på hausen, samt at graset får tørke litt før det blir hatt bort slik at frøa blir slept i engas og kan spire året etter.

På 80-talet fantes det mink på Veøya (Lunde, 1986), og det er sannsynleg at vi finn minken der også i dag. Mink er ein innført art som kan gjere stor skade på fuglebestandane, og er derfor ikkje ønska i verneområdet.

Av inngrep er det ikkje gjort mykje i seinare tid. Midt på 70-talet vart det blautaste partiet sør for kyrkjegarden grøfta for å lette skjøtelsarbeidet. Sist på 2000-talet vart det lagt ut ei flytebrygge i Nordvågen som erstatning for den gamle brygga. Elles er inngrepa som opp gjennom tida er gjort i Veøy landskapsvernområde så gamle at dei er kulturminne.

Kvart år blir det plukka ein del søppel i verneområdet. Det meste er slikt som driv i land i fjæra, men det hender også at besøkande legg at eit og anna.

Ytst på Katneset er det ofte mange som går i land og tenner bål eller griller med eingongsgrill. Det kan då bli merke fleire stader på den tynne vegetasjonen på berget, eller berget kan sprekke opp av varmen. Det bør etablerast ein fast bål- og grillplass slik at det ikkje blir mange skada flekkar. Enkelte tar ikkje med seg grillen heim, men legg den att eller kastar den i sjøen. Det bør settast opp ei informasjonstavle på Katneset, slik at alle veit at dei er i eit verneområde. Tavla bør også oppmode folk om å ta med seg søppel heim, og det bør kome fram at det finst opne toalett i låven.



Figur 9: Mellomalderkyrkja. Foto: Fylkesmannen


## 2.5 Kulturminne

Det er vanleg å dele kulturminna i to hovudgrupper: Fornminne frå før reformasjonen (1537) og nyare tids kulturminne etter reformasjonen. Alle faste kulturminne frå før 1537 er automatisk freda etter kulturminnelova. Yngre kulturminne kan bli freda gjennom enkeltvedtak etter kulturminnelova. Det kallar vi vedtaksfreding.

Arkeologiske funn på Veøya, som til dømes gravrøyser, åkerreiner, rydningsrøyser, hustuffer og flintavslag, viser at det har vore busetnad og aktivitet på Veøya kanskje så lenge som 3-4000 år. Sentralt i landskapsvernområdet er det registrert eit stort areal med «svartjord», sjå figur 10. Svartjord er eit teikn på busetnad på arealet, fordi der kor folk har oppheldt seg, har det hopa seg opp med diverse avfall som gjer jorda feit og svart. Utbreiinga av svartjorda viser såleis

omtrentleg utbreiinga av ein kjøpstad frå vikingtid-mellomalder, med spor etter kulturlag, tufter, hamner og ulike aktivitetsområde.

Skriftlege kjelder peiker også mot at Veøya var ein kjøpstad, og eit kyrkjeleg og politisk sentrum i Mellomalderen. Kanskje har det budd rundt 350-400 personar her? Snorre fortel at da kong Håkon Herdebrei møtte Erling Skakke i slaget ved Sekken i 1162, håpa han på hjelp av "bymennene" på Veøya. Slaget sto i Romsdalsfjorden, mellom Sekken og Veøya.



Figur 10: Svartjordsområdet

I Sørvågen er det påvist solide trepålar, datert til 900-talet, som sannsynlegvis er restar etter ei brygge. Andre spor etter sjøfart er nausttuftene, mellom anna i Bondvika. Det største naustet i Bondvika kan ha vore opptil 25 m langt og 10 m breidt. Eit så stort naust kan ha husa eit leidangsskip, og det er ikkje heilt usannsynleg at eit slikt skip låg i naustet på Veøya.

På Veøya finn vi ein av dei eldste kyrkjestadene i landet. Arkeologiske og geofysiske undersøkingar har vist spor etter fleire kyrkjer, og det er funne to eldre kyrkjegardar frå mellomalderen. Her er det påvist kristne graver heilt tilbake til 900-talet, og kyrkjegardane på Veøya er såleis av dei eldste kristne gravplassane vi kjenner til i Noreg. Peterskyrkja frå 1100-talet, er den einaste som står den dag i dag. Rundt kyrkja ligg kyrkjegarden med mange gamle jarn- og steinkross og andre gravminne.

Kyrkja er den einaste bygningen i landskapsvernområdet som er automatisk freda. Veøy gamle kyrkje er bygd rundt midten av 1100-talet, og er ei Peterskyrkje i romansk stil med runde bogar.

Låven og borgstua (tenestebustaden) er begge bygd først på 1800-talet, og er SEFRAK-bygningar. Det same gjeld for naustet, som er bygd sist på 1800-talet.

Våningshuset frå 1750-åra er freda gjennom eit enkeltvedtak etter kulturminnelova.

I samband med at prestebustaden vart oppført vart det planta fleire parktre i området rundt bygningane. Spor etter ein fiskedam sørvest for våningshuset tyder på at her har hagen ikkje berre vore til nytte, men også til pryd.



Figur 11: Prydbuskar ved hovudhuset.

Foto: Fylkesmannen

Coucheron-Aamot planta i si tid mykje frukttre, og desse begynner no å bli gamle og dårlege. Mange er allereie fjerna, og fleire syng på siste verset. I 2009 vart det tatt podedkvistar frå gamle tre, og nye tre vart poda. Dei nye trea er sett ned der dei gamle hadde gått ut.

Nærare bygningane finn vi fleire gamle hageplantar som til dømes rhododendron, svarthyll og ulike berbuskar. Desse er ein vesentleg del av heilskapen i kulturmiljøet nærast bygningane. Gamle hageplanter og

frukttre må takast vare på, og dei kan eventuelt erstattast etter kvart som dei gamle går ut.

Alt dette gjer at øya, og kulturlandskapet, er særskilt kulturhistorisk interessant.

Fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal har ansvaret for dei mange kulturminna, og ein god dialog mellom dei ulike aktørane i landskapsvernområdet er viktig for å sikre ei god forvaltning av alle verdiane i landskapsvernområdet.

### 2.5.1. Truslar mot kulturminne

Det er fleire store, gamle tre nært bygningane. Nokre av dei står slik til at dei kan velte over bygningar og slik gjere stor skade. Trea må følgjast med kontinuerleg, og det må heile tida vurderast om dei er så gamle og rotne at dei må fjernast.

I dei åra det har gått sau på beite inntil bygningane, har det vorte ein del skadar på kyrkjegardsmuren. Dyra klatrar over muren utan tanke for at steinar kan rase ut og at eit viktig kulturminne dermed blir øydelagt. Det same gjeld for kors og andre gravminne. Dyra har til dømes ingen skruplar mot å bruke kors til å klø seg på, med det resultat at gravminna blir skeive og skakke. Fleire besøkande synest også det er uetisk at sauene beit og legg att skit på gamle gravminne.

Sauen er òg ein trussel mot hageplantane når dei får beite på dei. Berbuskar bli ete opp, og andre, mindre smakfulle plantar, som til dømes rhododendron, blir òg kraftig frisert nedst (sjå Figur 10).

Hageplantane kan sjølv vere ein trussel mot bygningen om dei veks for nært vegg og murar. Det blir fuktig og skuggefullt bak planten, og dette kan føre til sopp og råte på vegg. Det er derfor viktig å følgje med buskar inntil vegg og klippe dei etter behov.

Det finst fleire andre faktorar som kan truе kulturminne både over og under bakken. Metallsøking er ein hobby som blir meir og meir populær. Utstyret har vorte billigare, betre og meir tilgjengeleg.

Det har vore fleire episodar kor nokre har teke seg til rette og grave i jorda. Dette skjedde sist sommaren 2017. Ingen veit kva som eventuelt vart funne og kor eventuelle funn har teke vegen. Saka vart meldt til politiet. Det vil bli vurdert å sette opp overvakingskamera.

## 2.6 Bevaringsmål

Formålet med landskapsvernet på Veøya er å ta vare på eit historisk kulturlandskap med eit eigenarta naturmiljø omkring Veøy gamle fylkeskyrkje. I lys av verneformålet vil det vere viktig å halde kulturlandskapet ope og bevare eit miljø med store tre – helst asketre. Gardsbygningar, kyrkja og kyrkjegarden er viktige element i landskapet, og må takast godt vare på. Det vil vere ein umogleg



Figur 12: Slåtteeeng på Katneset med mellom anna blåklukke, ryllik og tepperot.

Foto: SNO, Michael Eklo

oppgåve for forvaltninga å drive jorda slik som det vart gjort tidleg på 1900-talet. Då var det fleire ulike husdyr, og ein mosaikk av åkrar, slåttee-enger og beitemarker.

### 2.6.1. Vegetasjon

Veøy landskapsvernområde er hovudsakleg interessant som kulturlandskap, og dei viktigaste verdiane ligg i opplevinga av eit ope kulturlandskap. Slåttemarka på Katneset er ein viktig del av det historiske kulturlandskapet, i tillegg til å vere ein utvald naturtype. At ein naturtype har status som utvald betyr at den er vurdert til å vere viktigare enn andre naturtypar, og at det skal takast spesielle omsyn til slike førekomstar. Miljødirektoratet gir ut handlingsplanar for utvalde naturtypar. I ein slik handlingsplan blir det lagt fram ein plan for tiltak som skal gjennomførast i arbeidet med å ivareta en naturtype. Det vil derfor vere viktig å ta vare på slåttemarka ved å skjerme den frå beitedyr, samt å slå enga ein gong i året, sist i juli eller i august. For at frøa skal få mogne og løyse frå plantane, må graset bakketørke i 2 til 4 dagar. Alternativt kan ein hesje.



Utvald naturtype slåttemark inkluderer slåttemarker med verdi A og B. Slåttemarka på Katneset er ikkje kartlagd, så vi veit ikkje sikkert kor stor verdi den har, eller om den kjem innanfor omgrepet «utvald naturtype». Det er interessant å få kartlagd slåttemarka på Katneset, slik at den blir registrert og ekstra følgd opp.

I 1994 vart mykje av den tidlegare dyrka marka på Veøya kartlagd og registrert som «Naturbeitemark». Ifølge Artsdatabanken er ein god del av naturbeitemarkene som er registrert i Naturbase truleg gamle slåttemarker og -enger. For Veøy landskapsvernområde sin del stemmer dette bra. I samsvar med Wilhelm Coucheron Aamodt sine minne frå førkrigstida var areala som er registrert som naturbeitemark nytta til slåtteeeng, åker og hage. Berre ein veldig liten del av det registrerte arealet vart nytta berre til beite (sjå figur 3 og 6).

Dei store asketrea på Veøya har i uminnelege tider vore med og prega kulturlandskapet, og det er viktig at vi tar vare på dette preget. Det er eit mål at det skal vere store parktre i kulturlandskapet, og

#### **Naturkvalitet**

*Naturkvalitet definerast som naturtypar, artar, geologi og landskap som skal takast vare på i eit verneområde.*

#### **Bevaringsmål**

*Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområde skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan til dømes presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte artar.*

#### **Tilstandsklasse**

*Tilstandsklasse er ein inndeling i god, middels eller dårleg. Dette fortel oss kva for tilstand naturkvaliteten er i.*

helst skal det vere asketre. Med askeskotsjuke på øya vil det vere eit viktig mål å fjerne dei sjuke trea og plante inn nye, friske tre. Dette er eit mål det ikkje er fort gjort å nå, men det er noko vi må strekkje oss i mot.

Det er registrert framande, svartelista artar i Veøy landskapsvernområde. Slike artar er ein trugsel mot den stadeigne floraen og faunaen, og må haldast under kontroll eller fjernast.

### **2.6.2 Dyre- og fugleliv**

Det manglar systematiske undersøkingar over tid i landskapsvernområdet, men det finst ein del registreringar i Artsobservasjonar.

Vi har ikkje utarbeida bevaringsmål som går på spesifikke fugleartar. Fugleartane som vart registrert tidleg på 70-talet indikerte at kulturlandskapet var i attgroingsfase. Slik sett er det ikkje eit mål at dei same artane held seg like talrike framover. No når kulturlandskapet er opna opp, er det sannsynleg at arts-samansettinga har endra seg. Det er von om at ein no vil finne fleire artar som er knytt til eit ope kulturlandskap.

Når det gjeld rådyr kan det bli opna for jakt om bestanden ein gong skulle bli for stor.


### 2.6.3 Kulturminne

No går det sau på beite heile året på Veøya. Dyra gjer ein god jobb for å halde vegetasjonen nede, og kulturminne, som vi berre ser som formasjonar i terrenget, kjem tydelegare fram. Å ha beitedyr i Veøy landskapsvernområde er viktig for å bevare det opne kulturlandskapet. På grunn av truslane beitedyra utgjer for kulturminna og det etiske ved å beite på gravminne, er det planlagd å sette opp gjerde for å halde sauen unna våningshus, kyrkje og kyrkjegard. Også før i tida vart det bruka gjerde av ymse slag for å halde beitedyr unna hage og bygningar. Historiske fotografi og måleri viser stakitt og nettinggjerde rundt, og til og med oppå, kyrkjegardsmuren.

Med eit sauegjerde på plass vil det vere aktuelt å starte arbeidet med å restaurere kyrkjegardsmuren og rette opp att kors og andre gravminne på kyrkjegarden. Hageplantane har òg vore utsett for sauen sin appetitt, og kan når dyra er ute, stellast på ein betre måte av meir nennsame reiskap.

Tabell 1: Bevaringsmål og tiltak for Veøy landskapsvernområde

Mål nr.	Kvalitet	Tilstands-variabel	Bevaringsmål	Overvaking og gjennomføring	Tilstands-klasse	Tiltak
1	Innmarka	Grad av attgroing	Innmarka vist i figur 13 skal ikkje vere i attgroing.	FM/SNO/saueeigar	God	Beite og slått
2	Asketre	Tal på sjuke tre	Det skal ikkje vere sjuke asketre på Veøya.	FM/SNO	Dårleg	Ta ned sjuke/daude tre Plante nye askar.
3	Slåttemarka på Katneset		Artsvariasjonen og tettleiken av karplantar i slåttemarka (sjå figur 13) skal aukast.	SNO/frivillig organisasjon/skuleklassar	Middels	Årleg slått i august. Graset skal bakketørkast i to døgn og så fjernast.
4	Framande artar	Førekomst av framande skadelege planteartar	Det skal ikkje vere framande skadelege planteartar i landskapsvernområdet	FM/SNO	Middels	Fjerne førekomst av framande skadelege artar
5	Kyrkjegardsmur	Utrasa steinar i muren	Det skal ikkje vere utrasa steinar i muren (sjå figur 13)	Molde kommune/Romsdals museet/ Kulturavdelinga, Fylkeskommunen	Dårleg	Reparere kyrkjegardsmuren
6	Søppel	Førekomst av søppel	Det skal ikkje vere søppel i landskapsvernområdet	SNO	God	Fjerne strandsøppel og søppel etter besøkande.



Figur 13: Bevaringsmål

## 3 BRUKARINTERESSER

Forvaltninga av Veøy landskapsvernområde må vere i samsvar med verneformålet og innanfor rammene til verneforskrifta. Det er likevel ønskjeleg å ta omsyn til brukarinteressene så langt det let seg gjere.

### 3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta danner grunnlaget for kva for aktivitetar som er tillatne i Veøy landskapsvernområde. I dette kapittelet vil forskrifta bli knytt opp mot dei ulike brukarinteressene.

Forskrifta er bygd opp slik:

- Kap. I: Vernevedtaket
- Kap. II: Formålet med vernet
- Kap. II, 1-9: Verneføresegnene
  - 1. Om skog og asketre
  - 2. Om dyrka mark og beiteland
  - 3. Nybygg, ombygging og anlegg
  - 4. Veg og luftleidningar
  - 5. Planteliv
  - 6. Dyre- og fugleliv
  - 7. Ferdsel
  - 8. Veøyutvalet
  - 9. Unnatak frå reglane

Fylkesmannen kan likevel, etter søknad gi dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfelle etter § 48 i naturmangfaldloven (sjå kap. 5.2.7).

### 3.2 Jordbruk og skogbruk

#### *Status*

Om lag halve arealet i Veøy landskapsvernområde er lauvskog. Vidare består areala av innmarksbeite, dyrka mark og barskog.

Tradisjonelt har arealet vore nytta til vedskog, åkrar, slåttemark og husdyrbeite for storfe og sau.

All jordbruksaktivitet i dag er i regi av forvaltninga.

I dag går det utegangarsau på beite heile året på heile arealet, med unntak av slåttemarka på Katneset. Slåttemarka blir slege ein gong i året, på seinsommaren/tidleghausten. Det er planlagt å sette opp gjerde for å skjerme kulturminna mot sau på beite i løpet av våren 2017.

Det blir gjort noko ryddingshogst innimellom. Elles har hogst dei seinaste åra handla mykje om ta ut frøtre av platanlønn samt å fjerne daude og sjuke askar. Askestammene blir ikkje fjerna, men blir lagt litt unna områda med mest ferdsel.

### *Rammer og regelverk*

I følgje verneforskrifta kap. II punkt 5 er plantelivet i skogfelta i utgangspunktet freda. Ein må likevel tolke forskrifta kap. II punkt 1 slik at avgrensa hogst er tillate. Areal med skog skal oppretthaldast med den naturlege treslagsamansettinga etter veksestaden. Det skal ikkje gjerast hogstingrep som inneber store miljøendringar. Forynging av skogen skal gå føre seg naturleg. Spesielle og dekorative tre skal stå utover hogstmogen alder. Alle store askar er freda, og daude og hole stammar skal av omsyn til fuglelivet ikkje fjernast. I skogfelta skal det ikkje nyttast plantevernemiddel eller kunstgjødsel.

I samsvar med verneforskrifta kap. II punkt 2 skal dyrka mark og beiteland haldast opne i om lag same utstrekning som tidlegare, helst ved jord- og husdyrbruk. Innmarksareal som ikkje blir nytta til åker eller beite bør slåast minst ein gong i året.

Planar om endring av bruksformer i jord- og skogbruk som kan innverke på landskapet sin eigenart, skal på førehand leggest fram for, og blir godkjent av, naturvernmyndighetene og antikvariske myndigheiter.

Alle planar som medfører graving i grunnen skal på førehand leggest fram for antikvariske myndigheiter.

#### *Retningslinjer for jordbruk og skogbruk*

- Beiting utan for mykje slitasje på vegetasjon, jordsmonn og kulturminne er ønskeleg
- Grøfter og drenering på innmarka kan haldast ved like
- Hogst av sjuke/døde asketre samt fjerning av platanlønn kan gjennomførast.
- Alle inngrep i grunnen skal avklarast med antikvariske myndigheiter

### 3.3 Friluftsliv og jakt

#### Status

På godvêrsdagar i sommarhalvåret er det mange som går i land på Veøya. Her er det folk som grillar, badar, går tur eller ruslar rundt på innmarka. Kvart år blir det arrangert pinsestemne som trekkjer til seg store mengder folk. Det hender også at nokre vel å leggje vigselen og bryllaupet hit.

Tidlegare hadde Veøya eit dårleg rykte som ei øy med mykje flått. Dette har no betra seg, hovudsakleg på grunn av den aktive skjøtselen samt at beitedyra er behandla mot flått.

Saueskit er no i ferd med å skaffe Veøya eit nytt dårleg rykte. Mange vegrar seg no for å gå i land fordi det er mykje saueskit på dei areala som folk vil opphalde seg mest, som rundt våningshus og kyrkje og kyrkjegard. Dei siste åra når sauene har gått på heilårsbeite har saueeigar raka vekk skit i framkant av arrangement og andre utfartshelger.

Det er ikkje tillate å drive jakt på Veøya. I nokre år har det vore opna for at det kan jaktast på rådyr i landskapsvernområdet. Denne moglegheita har ikkje vore nytta i særleg grad.

På Sørøya er det laga til ein tursti, og i landskapsvernområdet er det sett opp fleire informasjonstavler som fortel om kulturminna.

Rydding av tursti på Sjøberget er sett opp som eit ønska tiltak i planen. Denne stien skal vere eit tråkk og den skal ikkje merkast. Den skal berre ryddast slik at det blir lett å sjå kor stien går.

I låven er det toalett for besøkande. Ved brygga er det sett opp informasjon om dette på fleire språk. Toalettet må tømmast med jamne mellomrom.

I Nordvågen er det lagt ut ei stor flytebrygge som kan nyttast av besøkande. Nokre plassar på brygge er reservert for naturoppsynet og eigaren.

#### Rammer og regelverk

Pattedyr og fuglar er freda heile året, jf. verneforskrifta kap. II punkt 6. Om det skal opnast opp for jakt må Fylkesmannen gi dispensasjon etter Naturmangfaldlova § 48.

I følgje verneforskrifta kap. II punkt 7 er ferdsel i området regulert av Lov om friluftslivet (Friluftslova) av 1. juli 1957.

Plantelivet i skogfeltene er fredet med unntak av jordbruk og hogst som omtalt i kapittel 3.2., jf. verneforskrifta kap. II punkt 5.

Under ferdsel i utmark kan allmennheita hauste ville nøtter som skal etast på staden og plukke bær og vill sopp, når det skjer med omsyn og med tilbørleg varsemnd, jf. Friluftslova § 9.

Ein kvar som ferdes eller oppheld seg på annan manns grunn eller på sjøen utanfor, skal opptre omsynsfullt og med varsemnd for ikkje å valde skade eller ulempe for eigar, brukar eller andre, eller påføre miljøet skade. Han plikter å sjå etter at han ikkje forlèt staden i ein tilstand som kan verke skjemmande eller føre til skade eller ulempe for nokon. Grunneigar eller brukar har rett til å vise bort folk som ikkje viser omsyn eller ved utilbørleg åtferd utsett eigedomen eller legitime interesser for

skade eller ulempe, jf. Friluftsløva § 11. Det skal mellom anna takast omsyn til beitedyr. Dyra skal ikkje uroast og hundar skal haldast i band heile året. *Eigar og brukar* er museet og saueeigar, samt etterkomarane til Coucheron Aamot, når dei oppheld seg på eigedomen.

Ein kvar har rett til å dra i land båt på strandstrekning i utmark for kortare tid. Fortøyinggreier som ringer og boltar i utmark kan nyttast for kortare tid av alle når bruken kan gå føre seg utan utilbørleg fortrenghet for eigar eller brukar, jf. Friluftsløva § 7. Brygga på Veøya er for allmenn bruk, men på eit avmerkt område på brygga har eigar og oppsyn fortrinnsrett.

Friluftsmøte, idrettsstemne og liknande arrangement som kan medføre nemneverdig skade eller ulempe, kan ikkje haldast utan samtykke av eigar eller brukar, jf. Friluftsløva § 10. Ein må ikkje ta plass til solbad, overnatting og liknande om det er til utilbørleg fortrenghet eller ulempe for andre. Om det er folk i husa, må ein ikkje sette opp telt så nære at det forstyrrar bebuaranes fred og i alle fall ikkje nærare enn 150 meter.

Telting eller anna opphald er ikkje tillate i meir enn 2 døgn om gongen utan eigaren eller brukaren sitt samtykke.

Telting og ferdsel må skje på eige ansvar for skade som dyr kan påføre personar, telt og andre egedelar. jf. Friluftsløva § 9.

Bålbrenning er regulert av *Forskrift om åpen brenning og brenning av avfall i småovner, Molde kommune, Møre og Romsdal*. I samsvar med denne forskrifta § 4 er det forbod mot ope brenning i eller i nærleiken av skogsmark i perioden 15. april til 15. september utan løyve frå brannsjefen. Det er gjort unnatak for open brenning på grillinnretningar, utepeisar og kaffibål.

Metallsøking er ein hobby som blir meir og meir populær. Utstyret har vorte billigare, betre og meir tilgjengeleg. Sjølv om denne hobbyen kan fremje interessa for historie, kan kulturminneverdiar gå tapt om leiting etter kulturminne ikkje skjer i kontrollerte former. På eller i nærleiken av automatisk freda kulturminne er slik verksemd ikkje tillate etter kulturminnelova. Sjå vedlegg 3. Også utanfor grensa til landskapsvernområdet er det mange kulturminne. Kulturminnelova gjeld sjølvstø overalt.

#### **Retningslinjer for friluftsliv**

- Allemannsretten gjeld med enkelte unnatak
- Det må ikkje tennast bål i nærleiken av skogsmark mellom 15. april til 15. september
- Det må søkast til Fylkesmannen som forvaltningsmyndigheit om bruk av området til arrangement som ikkje er i regi av kyrkja, eigar eller brukar
- Jakt er ikkje tillate i landskapsvernområdet
- Metallsøking er ikkje tillate på eller i nærleiken av automatisk freda kulturminne

### **3.4 Omvising, undervisning og forskning**

Verneforskrifta er ikkje til hinder for at ein skuleklasse eller andre små grupper kan bruke området til undervisning. Romsdalsmuseet arrangerer omvisingar med grupper fleire gonger i sommarsesongen.



Området er ein del brukt av skuleklassar, mellom anna er alle 6-klassingar i Molde kommune ute på Veøya kvar haust. Her kunne med fordel ha vore dratt inn informasjon om Veøya som landskapsvernområde, samt litt orientering om vern av natur generelt. Det blir innimellom gjort arkeologiske undersøkingar på Veøya, og verneforskrifta er ikkje til hinder for dette så lenge det ikkje landskapet blir endra, som til dømes om det blir opna opp sjakter som ikkje blir lukka etterpå. Før graving må ein ta kontakt med Fylkesmannen.



Figur 14: Informasjonstavle ved brygga Foto: SNO, M. Eklo

### 3.5 Informasjon

Det er sett opp fleire informasjonstavler i landskapsvernområdet som beskriv kulturminna i området. Når det gjeld informasjonen om landskapsvernområdet er det noko informasjon på tavla nede ved brygga. Informasjonsbrosjyren inneheld meir informasjon om landskapsvernet. Med tanke på at alle 6. klassingane i kommunen besøker øya kvar haust, hadde det vore fint med ein brosjyre som retta seg mot ei yngre målgruppe.

På oppslagstavla ved brygga er det også informasjon om sauebeite, med telefonnummer som besøkande kan ringe om dei observerer skadde eller sjuke dyr.

På same oppslagstavle er det sett opp ein plakat på fleire språk om at det er toalett i låven.

Her er det også viktig at det blir sett opp informasjon om forbodet mot metallsøking på og ved automatisk freda kulturminne.

### 3.6 Bygningar og tekniske inngrep

#### Status

Det er gjort fleire små og store inngrep i Veøy landskapsvernområde opp i gjennom tida. To av bygningane i verneområde er freda på ulikt vis, tre er SEFRAC-bygningar. Andre synlege inngrep er som hustufter og kyrkjegardsmur er så gamle at dei er del av verneformålet. «Inngrepa» som no er under bakken, er sannsynlegvis alle automatisk freda.

I nyare tid har det vorte grøfta på innmarka på det lågaste partiet mellom Sør-øya og Nord-øya. Desse grøftene kan haldast ved like, men større endringar må behandlast av Veøy-utvalet. Flytebrygga vart lagt ut i 2009, og kan haldast ved like utan søknad. Ved større endringar må ein søke Fylkesmannen om løyve og saka må behandlast av Veøy-utvalet.

#### Rammer og regelverk

I følgje verneforskrifta kap. II punkt 3 må det ikkje førast opp hus, hyttar eller andre varige anlegg. Det er gjort unntak for oppføring av hus i samband med jordbruket og for eit mindre bryggeanlegg.

Planar for nybygg eller omfattande utbetringar eller fornying av eksisterande bygningar skal godkjennast av antikvariske myndigheiter uavhengig av kva for formell vernestatus dei ulike bygningane har. Også oppføring av betydelege faste innretningar i samband med gardsdrifta skal godkjennast av antikvariske myndigheiter. Vanleg, enkelt vedlikehald som til dømes utskifting av ei glasrute eller andre småreparasjonar, kan gjennomførast utan vidare godkjenning.

Vegar, utanom nåverande gardsveg og veg til kyrkja, samt luftleidningar må ikkje førast gjennom området, jf. forskrifta kap. II punkt 4 .

Motorferdsel regulert av lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

#### *Retningslinjer for bygningar og tekniske inngrep*

- Sti mellom brygga og nauset i Nordvågen kan haldast ved like
- Bygningar kan haldast ved like
- Motorferdsel utanom i samband med skjøtsel er forbode

## **4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK**

I dette delkapittelet går vi gjennom dei viktigaste forvaltingsoppgåvene i Veøy landskapsvernområde. Ulike tiltak er lista opp. Ein tiltakstabell ligg som Vedlegg 3.

### **4.1 Oppsyn**

#### *Status*

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at vernereglane og vilkåra i eventuelle dispensasjonsvedtak blir etterlevde. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvaret for oppsynet i verneområda i Noreg.

SNO har oppsynsmyndigheta i medhald av lov av 21. juni 1996 om statleg naturoppsyn og politimyndigheit etter miljølovene (friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdselslova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og deler av forureiningslova). I tillegg til kontrolloppgåvene etter disse lovene skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering, overvaking og dokumentasjon. Mange av disse tiltaka blir gjort i samråd med Veøyutvalet og er nærare presentert i denne planen.

#### *Tiltak*

1. SNO driv skjøtels- og restaureringstiltak etter avtale med Veøyutvalet v/FM
2. Kontroll, tilsyn og informasjon

3. Infotavlene og andre skilt skal haldast i stand til ein kvar tid.
4. Kontakt mot kommune, kyrkje, arkeologisk/kulturminnestyresmakt, politi, skole, grunneigar, aktuelle organisasjonar og ålmenta
5. Tilsyn med kulturminne

## 4.2 Skjøtsel og restaurering

### Status

Veøy landskapsvernområde blir beita året rundt, og dette held kulturlandskapet ope. Etter oppsetting av gjerde må graset slåast manuelt innanfor gjerdet.



Figur 15: Sau beitar rundt nyplanta epletre.

Foto: Fylkesmannen

Framande artar er ganske bra under kontroll men må følgjast opp vidare. Fleire asketre er angripne av askeskotsjuka, og dette må følgjast opp ved fjerning av tre som kan dette og gjere skade. Andre store tre som kan velte i storm og gjere skade må også fjernast. Behovet må vurderast fortløpande.

Forskarar har sett i gang eit prosjekt for å få fram individ av ask som er motstandsdyktige mot askeskotsjuka. Veøyutvalet ønskjer å plante slike tre om det etter kvart blir avla fram ein god sort. Nye tre skal i all hovudsak plantast i eller nær stubbane til gamle tre slik at rotsystemet utviklar seg om lag der den gamla rota er. Dette for å ikkje øydelegge eventuelle arkeologiske kulturminne meir enn nødvendig. Det skal ikkje plantast tre på gamle murar. Nye tre må plantast på innmark, og minst 15 meter frå bygningane for å unngå fare for velting over husa og kyrkja. Sjå vedlegg 6. Når nye tre skal plantast i svartjordsområdet må det søkast Riksantikvaren om løyve til å grave plantehol. Riksantikvaren skal orienterast i forkant av felling av gamle tre.

Kyrkjegardsmuren i stein har rasa ut fleire stader og må reparerast. Når det blir sett opp gjerde for å halde sauene unna gjerde kan muren restaurerast. Det vil òg vere aktuelt å rette opp kors og andre gravminne. Hageplantane kan stellast betre, og det kan på sikt bli aktuelt å erstatte nokre av dei.

Det er viktig at den årlege slåttene på marka på Katneset fortsett for å bevare enga artsrik.

Frukttre må skjerast, helst årleg no i starten, for å sikre gode greinvinklar. Gode greinvinklar er viktig for at greiner skal bli robuste og ikkje knekke så lett.

## Mål

1. Halde landskapsvernområdet fritt for framande artar.
2. Halde innmarka open ved beite og slått.
3. Ta ned sjuke/daude asketre etter behov. Plante nye.
4. Restaurere kulturminne etter behov.

## Retningslinjer

1. Alle skjøtsels- og restaureringstiltak, utanom på bygningane, skal skje i regi av Veøyutvalet og/eller SNO.
2. Ved graving av plantehol må ein først innhente dispensasjon frå Riksantikvaren.
3. Felling av tre skal skje i samråd med Kulturavdelinga hos Fylkeskommunen, som orienterar Riksantikvaren før gjennomføring av tiltaket.

## Tiltak

1. Beite skjer etter avtale med grunneigar i samråd med Fylkesmannen og Veøyutvalet
2. Romsdalsmuseet er ansvarleg for hagestellet innanfor sauegjerdet, område 1, sjå vedlegg 5
3. I område 2 kan skjøtselen gå føre seg på alternative måtar:
  - a. Sauen blir slept på eit par døgn kvar 3. veke frå mai til september for intensivt beite. Det må settast opp mellombels gjerde som skal stå oppå marka.
  - b. SNO slår graset frå låven og utover (område 2). Her kan det ved dette alternativet akseptast ei viss høgde på graset.I område 2 skal det slåast ein sti mot grinda (sjå vedlegg 5). Her må det evt. rakast skit.
4. SNO er ansvarleg for oppfølging av daude/sjuke asketre og tre som kan velte i storm. Desse kan fjernast i samråd med Veøyutvalet. Kulturavdelinga må orienterast før det skal fjernast tre innanfor svartjordsområdet slik at Riksantikvaren for moglegheit til å uttale seg først.
5. SNO er ansvarleg for fjerning av framande artar.
6. SNO er ansvarleg for fjerning av vegetasjon som sauene ikkje beitar på, som til dømes brennesle.
7. Kulturavdelinga i Fylkeskommunen er i samråd med Veøyutvalet ansvarleg for å sette i gang restaurering av kyrkjegardsmuren og gravminne.
8. SNO er ansvarleg for å plante ut nye tre i staden for asketrea som er fjerna. Det må søkast Riksantikvaren om løyve til å grave plantehol innanfor svartjordsområdet.

## 4.3 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar

### Status

Dei største verdiane i Veøy landskapsvernområde er det historiske kulturlandskapet med sitt eigenarta naturmiljø omkring Veøy gamle fylkeskyrkje. Dei store asketre og gardsbygningar, kyrkja og kyrkjegarden er viktige element i landskapet. Slåttemarka på Katneset er eit anna viktig element, som bør kartleggast for dokumentere og følgje med verdien på den.

### Mål

1. Kartlegge og følgje med utviklinga til slåttemarka på Katneset
2. Overvake tilstanden til innmarka inkludert asketre og andre store tre

### Retningsliner

- 1) Fylkesmannen er ansvarleg for å etablere overvaking av naturkvalitetane i Veøy landskapsvernområde, og set arbeidet bort til Statens naturoppsyn, eigna firma eller kompetent organisasjon.
- 2) Resultat av overvakinga skal rapporterast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- 3) Utviklinga og tilstanden til naturkvalitetane skal evaluerast, slik at bevaringsmål kan tilpassast eit betre kunnskapsgrunnlag.

### Tiltak

- 1) Overvake naturkvalitetane kontinuerleg i tråd med bevaringsmåla.
- 2) Kartlegge slåttemarka i samarbeid med ein ekstern konsulent

## 4.4 Informasjon

### Status

Det står i dag ei informasjonstavle ved brygga i Veøy landskapsvernområde som fortel om landskapsvernet. Det er laga til ein brosjyre som mellom anna ligg i «postkassen» på informasjonstavla ved brygga.

Fagstoff om Veøy landskapsvernområde finst i tillegg på internett i Naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og Artskart frå Artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no>). Også på internettsidene til Romsdalsmuseet ([www.romsdalsmuseet.no](http://www.romsdalsmuseet.no)), Møre og Romsdal fylkeskommune ([www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)) og Molde kommune ([www.molde.kommune.no](http://www.molde.kommune.no)) kan ein finne informasjon om Veøya.

### *Mål*

- 1) Besøkande til Veøy landskapsvernområde skal få god informasjon om verneverdiane.
- 2) Informasjonsplakatane, brosjyren og nettsidene skal til ein kvar tid ha korrekte opplysningar om området
- 3) Besøkande til landskapsvernområdet skal få god informasjon om kulturminneverdiar

### *Retningslinjer*

- 1) Informasjonsmaterialet skal utarbeidast av dei ulike aktørane i samråd med Veøyutvalet.

### *Tiltak*

- 1) Informasjonstavlene og nettsidene skal vere oppdaterte
- 2) Det skal lagast til ny brosjyre
- 3) Informasjonstavle ytst på Katneset
- 4) Det skal informerast godt om at metalløking er forbode på og nært kulturminna.

## 5 SAKSHANDSAMING

### 5.1 Forvaltingsstyresmakt

Ansaret for forvaltinga av Veøy landskapsvernområde involverer følgjande myndigheiter:

- 1) **Klima- og miljødepartementet (KLD)** er øvste styresmakt for miljøforvaltinga i Noreg. Departementet har ansaret for at den miljøpolitikken Stortinget har vedteke blir gjennomført. KLD er overordna myndigheit for forvaltinga av område verna etter naturmangfaldlova.
- 2) **Miljødirektoratet (MID)** er øvste fagstyresmakt for naturvernområde i Noreg og har hovudansvar for forvalting av område verna etter naturmangfaldlova. MID avgjer kven som skal vere forvaltingsstyresmakt for det enkelte verneområde. MID er klageinstans for vedtak som forvaltingsstyresmakta i det enkelte verneområdet har gjort. MID skal også rettleie forvaltingsstyresmakta i praktiseringa av verneforskriftene.
- 3) **Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM)** er forvaltingsstyresmakt for Veøy landskapsvernområde.
- 4) **Riksantikvaren** er dispensasjonsmyndigheit etter kulturminnelova og er fagmyndigheit for automatisk freda kyrkjer og kyrkjestader.
- 5) **Veøyvalet** skal uttale seg om spørsmål av tyding for vernet av området.
- 6) **Møre og Romsdal fylkeskommune** forvaltar automatisk freda kulturminne, vedtaksfreda bygning, SEFRAK-bygningar frå før 1850
- 7) **Romsdalsmuseet** representerer eigar
- 8) **Molde kommune** er styresmakt på fleire av de andre lover og forskrifter som er relevante innan fredingsområdet, til dømes plan- og bygningslova og motorferdselslova.

### 5.2 Lovverk, føringar og forvalting

#### 5.2.1 Verneforskrifta

Verneforskrifta har som formål å oppretthalde den tilstanden som området var i ved fredingstidspunktet, samt å fremme verneformålet. Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal sitt ansvar at verneforskrifta blir forvalta i samsvar med verneformålet. Om noko trugar verneverdiane, er det fylkesmannen sitt ansvar at naudsynte tiltak blir sett i verk. Forvaltinga av verneområdet skal skje med eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking hos både dei daglege brukarane og Fylkesmannen.

Verneforskrifta for Veøy landskapsvernområde ligg som Vedlegg 1.

Verneforskrifta er frå 1970 og er forelda med tanke fordeling av mynde og ansvar.

#### 5.2.2 Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova trådde i kraft 1.juli 2009 og erstattar den gamle naturvernlova.

I medhald av naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa

er teke omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Forvaltingsmåla i §§ 4 og 5 skal også trekkast inn i skjønnsutøvinga. Vi viser til vedlegg 2 med naturmangfaldlova.

Prinsippa skal også brukast ved forvaltning av eksisterande verneområde, inkludert i forvaltingsplanar. Vi vil nedanfor gjennomgå prinsippa som grunnlag for arbeidet med forvaltingsplanen, blant anna ved fastsetting av bevaringsmål og skjøtselstiltak.

Offentlege vedtak som angår naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg, bygge på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar sin utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknader. Vidare skal kunnskap som er basert på generasjonar sine erfaringar gjennom bruk av og samspel med naturen vektleggast.

I denne forvaltingsplanen for Veøy landskapsvernområde er kunnskap om historisk bruk lagt til grunn mellom anna i samband med vurdering av skjøtselstiltak. Ut frå kunnskapen vi har i dag vil tiltaka ikkje ha negativ innverknad på kulturlandskapet som vi vil ta vare på gjennom vernet. Tvert i mot vil aktive skjøtsels- og restaureringstiltak forbetre situasjonen. Forvaltingsplanen er utarbeida innanfor ramma av dei restriksjonane som er sett i verneforskrifta. Vi vurderer det slik at forvaltingsplanen og oppfølging av denne med stor grad av sannsyn vil føre til ein positiv utvikling for artane og naturtypene i området, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Det vi veit om artane og naturtypene sin utbreiing og økologisk tilstand i denne saka vurderast å vere tilstrekkeleg for å utarbeide denne forvaltingsplanen, og retningslinja om kunnskapsgrunnlaget i § 8 er oppfylt. Førre-var-prinsippet blir tillagt liten vekt i denne saka, jf. naturmangfaldlova § 9.

Forvaltingsplanen gir nærare retningslinjer for aktivitetar som er tillate i landskapsvernområdet innanfor ramma av verneforskrifta, naturmangfaldlova og kulturminnelova. Vurdering av den enkelte aktivitet i forhold til samla belastning i verneområdet, vil vere relevant ved vurdering av søknader om dispensasjonar frå verneforskrifta. I samband med forvaltingsplanen er det utarbeidd nærare bevaringsmål for ulike naturkvalitetar som grunnlag for overvaking av naturtilstanden i området. Dette vil gi eit styrka grunnlag for å kunne vurdere samla belastning av ulike aktivitetar i området. Prinsippet i naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning er dermed vurdert og tillagt vekt.

Verneforskrifta som forvaltingsplanen bygger på legg vesentlege avgrensingar på kva for tiltak som kan gjerast i området. Dei planlagde tiltaka vurderast til ikkje å ha vesentleg negativ effekt på naturtypar, artar eller økosystem. § 11 i naturmangfaldlova får difor ikkje noko verdi.

Prinsippa i § 12 er relevante. Prinsippet om beste tilgjengelege teknikkar og driftsmetodar vurderast som aktuelt bl.a. i forbindelse med skjøtselstiltak. Prinsippet om beste lokalisering vurderast som relevant i forbindelse med bl.a. handsaming av søknader om dispensasjonar, både når det gjeld spørsmålet om dispensasjon bør gis og eventuelt kva for vilkår som bør settast. Forvaltingsplanen legg opp til skjøtselstiltak som er vurdert å være best mogleg tilpassa naturkvalitetane ein ønskjer å ta vare på. Gjennom den overvaking av naturtilstanden som planen legg opp til, vil ein få eit godt grunnlag for å evaluere gjennomførte skjøtselstiltak og ev. foreta korrigeringar både når det gjeld teknikkar/metodar og lokalisering.



### 5.2.3 Forholdet til anna lovverk

Det strengaste lovverket er gjeldande for området. Det er viktig å merke seg at andre lover og forskrifter gjeld i tillegg til verneføresegnene i område verna etter naturmangfaldlova, noko som medfører at det kan være behov for å innhente løyve frå til dømes kommunen, kulturavdelinga hos Fylkeskommunen eller Riksantikvaren, sjå punkt 5.2.8.1. I Veøy landskapsvernområde er det som kjend fleire kulturminne med ulik freding.

Ved søknader om løyve til motorisert ferdsel vil det i dei fleste tilfelle vere naudsynt med både dispensasjon frå motorferdselslova og frå verneforskrifta, eventuelt § 48 i naturmangfaldlova. Med nokre unntak vil verneforskrifta ha strengare reglar om bruk og tiltak enn anna lovverk. Det er difor naturleg at ein søknad om dispensasjon først blir handsama av Fylkesmannen. Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldlova avgrensar ikkje rådigheitsutøvinga utanfor verneområdet, ut over at naturmangfaldlova § 49 fastsett at man skal ta omsyn til verneområdet i løyver for tiltak som kan innverknad på verneverdiane.

### 5.2.4 Søknadspliktige aktivitetar og tiltak

Alle tiltak som kan endre kulturlandskapet, som til dømes terrengendringar, er i strid med verneformålet og det må derfor søkast om dispensasjon til Fylkesmannen. Det vil i ein slik dispensasjon bli sett vilkår til mellom anna å sette i stand markoverflata ved graving i jorda.

I verneforskrifta §§ 2 og 3 er det nemnt aktivitetar og formål som forvaltingsmyndigheita kan tillate etter søknad. I vurderinga av slike søknader vil det bli lagt vekt på tiltaket sin verknad på verneformålet. Alle dispensasjonar skal vere tidsavgrensa.

Planer om endra bruksformer i jord- og skogbruk som kan innverke på landskapet sin eigenart, skal på førehand leggest fram for Fylkesmannen og kulturavdelinga hos Fylkeskommunen eller Riksantikvaren. Desse instansane må godkjenne planane før iverksetting. Veøyutvalet skal også uttale seg i slike saker. Alle planer som medfører graving i grunnen i svartjordsområdet krev dispensasjon frå Riksantikvaren.

Planer for nybygg eller omfattande utbetringar eller fornying av eksisterande bygningar skal godkjennast av kulturavdelinga hos Fylkeskommunen. Det same gjeld for større faste innretningar i samband med gardsdrifta.

### 5.2.6 Skjøtsel

§ 47 i naturmangfaldlova opnar for at forvaltningsmyndigheita kan foreta skjøtsel i verneområdet. Forvaltningsmyndigheita kan også inngå avtale med interesserte organisasjonar eller andre om at desse utfører slike skjøtselstiltak.

Tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, mellom anna beiting, fjerning av kratt og uttak av framande treslag blir rekna som skjøtsel.

Verneforskrifta § 1 slår fast at areal kor det veks skog skal oppretthaldast med sin naturlege treslagssamansetting. Hogstingrep som inneber store miljøendringar skal ein unngå. Forynging av skog skal skje ved å bygge på naturleg gjenvekst av stadeigne treslag. Særmerkte og dekorative tre skal behaldast utover hogstmogen alder. Alle store askar skal være freda. Daude og hole stammer skal av omsyn til fuglelivet ikkje fjernast.

Dyrka mark og beiteland som blir halde opne i tilnærma same utstrekning som tidlegare, fortrinnsvis ved jord- og husdyrbruk. Innmarksareal som ikkje blir brukt som åker eller beiter bør slåast minst ein gong i året.

### 5.2.7 Generelt om dispensasjon frå verneforskrifta

Kapittel II punkt 9 i verneforskrifta er ein generell dispensasjonsregel. I dag er denne erstatta av § 48 i naturmangfaldlova, jf. §§ 8-12 (sjå Vedlegg 2). Frå den opphavlege generelle dispensasjonsregelen i verneforskrifta er følgjande dispensasjonsformål vidareført i naturmangfaldlova sin § 48:

Forvaltingsmyndigheita kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

«*Dispensasjon i særlige tilfeller når det ikke er i strid med formålet med vernet*» gjeld hovudsakleg bagatellmessige inngrep/tiltak eller forstyrningar av forbigåande karakter og som er av stor verdi for søkar og ikkje er i konflikt med verneverdiane. Tiltak som kan redusere eller øydelegge verneverdiane i Veøy landskapsvernområde vil ikkje kunne få dispensasjon etter denne regelen.

«*Dispensasjon for arbeid av vesentlig samfunnsmessig verdi*» gjeld for tiltak som ikkje vart vurdert eller var aktuelle på vernetidspunktet. Dispensasjon heimla i dette punktet skal berre gis under heilt særskilte forhold av nasjonal tyding. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg grunnlag for å gi dispensasjon med bakgrunn i denne regelen i saker som berre har lokal eller regional tyding.

### 5.2.8 Retningslinjer for sakshandsaming

Punkta under viser generelle retningslinjer for all sakshandsaming som gjeld Veøy landskapsvernområde:

1. Alle søknadar om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2. Tiltaket skal merkast av på kart som vedlegg til søknaden.
3. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknadar skal derfor først vurderast etter verneforskrifta før dei eventuelt vert handsama etter anna lovverk. Avslag etter verneforskrifta kan ikkje gjerast om av anna lovverk.
4. Nærare retningslinjer for sakshandsaming er gitt under dei enkelte brukarinteresser. Det er viktig at det i all sakshandsaming blir gjort ei samla vurdering i forhold til tiltaket sin verknad på verneverdiane og forholdet til andre brukarinteresser.
5. Klage på vedtak gjort av Fylkesmannen skal behandlast etter reglane i forvaltingslova. Miljødirektoratet er klageinstans for alle saker etter verneforskrifta. Ei eventuell klage på vedtak skal sendast til Miljødirektoratet via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen

vurderer om det kjem fram nye saksopplysningar som gjer at vedtaket kan gjerast om. Dersom Fylkesmannen opprettheld vedtaket sitt skal klagen sendast til Miljødirektoratet for endeleg behandling og vedtak.

#### *5.2.8.1 Sakshandsaming etter kulturminnelova*

Hovudbygningen på prestegarden er freda gjennom enkeltvedtak etter kulturminnelova. Tiltak på bygningen skal leggest fram for Fylkeskommunen si kulturavdeling for godkjenning.

Borgstova og låven er frå før 1850, og etter lov om kulturminne § 25 om meldeplikt, skal kommunen søke om vesentlege endringar til Fylkeskommunen si kulturavdeling seinast 4 veker før det blir teke ei avgjerd.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for forvaltninga av dei automatisk freda kulturminna. Alle tiltak som medfører graving i grunnen eller utilbørleg skjemming av kulturminna eller framkallar fare for at dette kan skje, skal leggest fram for kulturavdelinga hos Fylkeskommunen, jf. kulturminnelova § 3.

Riksantikvaren er dispensasjonsmyndigheit etter lova, og er fagmynde for freda kyrkjer og kyrkjestader frå mellomalderen.

## **6 FORVALTINGSPLANEN SI GYLDIGHEIT**

Forvaltingsplanen for Veøy landskapsvernområde gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedtatt. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standarar når desse føreligg, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.

## 7 REFERANSAR

### Publikasjonar

- Bele, B. og Norderhaug, A. 2008. *Bondens kulturmarksflora for Midt-Norge*. Bioforsk FOKUS 3(9).
- Dalen, L.S. 2015, 11.12. Tre bøtter med askefrø. NIBIO. Henta frå <http://www.nibio.no/nyheter/tre-btter-med-askefr>
- Direktoratet for naturforvaltning. 2009. *Handlingsplan for slåttemarker*. (DN rapport 2009-06). Trondheim: Direktoratet for naturforvaltning.
- Friluftslova. 1957. Lov om friluftslivet. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16?q=friluftsloven>
- Furseth, A. (2006) Tjellafonna – 250 år etter. I B. Austigard, D. Skarstein & R. Strand (red.), *Romsdal Sogelag Årsskrift 2006*, (s. 7-29). Molde: Romsdal Sogelag
- Gederaas, L., Moen T.L., Skjelseth, S. og Larsen, L.-K. (red.). 2012. *Fremmede arter i Norge – Med norsk svarteliste 2012*. Artsdatabanken, Norge
- Henriksen S. og Hilmo O. (red.). 2015. *Norsk rødliste for arter 2015*. Artsdatabanken, Norge
- Lindgaard, A. og Henriksen, S. (red.) 2011. *Norsk rødliste for naturtyper 2011*. Artsdatabanken, Trondheim.
- Lunde, S. 1986. *Veøy landskapsvernområde. Utkast til skjøtselsplan*. (Hovedoppgave, Institutt for naturforvaltning, Norges landbrukshøgskole). NHL, Ås
- Miljødirektoratet. 2014. *Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter*. (Rundskriv M106-2014). Trondheim: Miljødirektoratet.
- Miljødirektoratet. 2016. *Slå et slag for slåttemarka*. (Brosjyre M-566|2016).
- Moen, A. 1998. *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Statens kartverk, Hønefoss.
- Molde kommune. 2016, 06.04. *Veøya*. Henta frå <https://www.molde.kommune.no/veoeya.5123083-369764.html>
- Naturmangfaldlova. 2010. *Lov om forvaltning av naturens mangfold*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100>
- Norsk biografisk leksikon. 2017, 20.01. *Olaf Olafsen*. Henta frå [https://nbl.snl.no/Olaf\\_Olafsen](https://nbl.snl.no/Olaf_Olafsen)
- Olafsen, O. 1926. *Veøy i fortid og nutid: En historisk-topografisk beskrivelse. Bind I*. Norheimsund: Nevnden. Henta frå [http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2014111808056](http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2014111808056)
- Riksantikvaren. 2016. Vernestatus. Henta frå <http://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Data-og-tjenester/Vernestatus>

Romsdalsmuseet. 2016. Veøy prestegard og middelalderkirke. Henta frå <http://www.romsdalsmuseet.no/avdelinger/veoy-prestegard-og-middelalderkirke/>

Sanden, J. (red.). 1999. *Veøyboka*. Molde: Romsdalsmuseet

Solli, B. 1999. «Veøyas arkeologi». I *Veøyaboka*, redigert av J. Sanden. Molde: Romsdalsmuseet

Verneforskrift for Veøy landskapsvernområde. 1970. *Forskrift om verning av natur og kulturlandskap, Veøy gnr. 122, bnr. 3, Molde kommune, Møre og Romsdal*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/MV/forskrift/1970-05-06-2?q=veøy>

## Nettsteder

Artsdatabanken <http://www.artsdatabanken.no/>

Miljødirektoratet [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no)

Naturbase [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)

Gislink [www.gislink.no](http://www.gislink.no)

Skog og landskap [www.skogoglandskap.no](http://www.skogoglandskap.no)

## 8 VEDLEGG

### Vedlegg 1 – Verneforskrift

Forskrift om verning av natur og kulturlandskap, Veøy gnr. 122, bnr. 3, Molde kommune, Møre og Romsdal.

Dato	FOR-1970-05-06-2
Publisert	I 1970 s 694, II 1970 s 350
Ikrafttredelse	06.06.1970
Sist endret	
Endrer	
Gjelder for	Veøy gnr. 122, bnr. 3, Molde kommune, Møre og Romsdal
Hjemmel	LOV-1970-06-19-63 jf LOV-2009-06-19-100-§77
Kunngjort	
Korttittel	Forskr. om verning av natur m.v., Molde

Gitt ved kgl.res. 6. mai 1970.

I

I medhold av lov om naturvern av 1. desember 1954 § 1 bestemmes at Veøy, gnr. 122, bnr. 3 i Molde kommune, Møre og Romsdal fylke tilhørende Wilhelm Coucheron-Aamot, skal være et vernet natur- og kulturlandskap i samsvar med et fremlagt utkast.

II

Vedtaket blir å kunngjøre i Norsk Lysningsblad, lokalpressen og ved oppslag på stedet.

Utkastet lyder:

I medhold av lov om naturvern av 1. desember 1954 er ved kgl.res. av 6. mai 1970 bestemt at Veøy, gnr. 122, bnr. 3 i Molde kommune, Møre og Romsdal fylke tilhørende Wilhelm Coucheron-Aamot, skal være vernet landskapsområde med formål å bevare et historisk kulturlandskap med et egenartet naturmiljø omkring Veøy gamle fylkeskirke.

Opprettelsen av det vernede landskapsområde endrer ikke eierforhold eller eierens rettigheter utover det som følger av nedenstående bestemmelser. Bestemmelsene skal ikke være til fortrenghet for de rettigheter og forpliktelser som fremgår av kontrakt av 2.-14. januar 1958 mellom eieren og Veøy (nå Molde) kommune.

## Vernebestemmelser.

- 1 Skogbevokste arealer opprettholdes med den naturlige treslagssammensetning etter voksestedets art. Hogstingrep som innebærer sterke miljøendringer skal unngås. Foryngelse skal skje ved å bygge på naturlig gjenvekst av stedegne treslag. Bemerkelsesverdige og dekorative trær beholdes utover den regulære hogstmodenhetsalder. Alle store asker skal være fredet. Døde og hule stammer skal av hensyn til fuglelivet ikke fjernes.

Kjemiske bekjempningsmidler og kunstgjødning må ikke anvendes i skogfeltene og våtlendte partier der ikke dreneres.
- 2 Dyrket mark og beiteland som holdes åpne i tilnærmet samme utstrekning som tidligere, fortrinnsvis ved jord- og husdyrbruk. Innmarksarealer som ikke brukes som åker eller beiter bør slås minst en gang i året.

Planer om endrede bruksformer i jord- og skogbruk som kan innvirke på landskapets egenart, skal på forhånd forelegges naturvernmyndighetene og de antikvariske myndigheter og være betinget av disses godkjenning. Alle planer som medfører graving i grunnen skal på forhånd forelegges det arkeologiske sentralmuseum som området sorterer under til godkjenning.
- 3 Utenom nåværende bebyggelse må ikke oppføres hus uten i tilknytning til jordbruket, eller hytter eller andre varige anlegg utenom et mindre bryggeanlegg.

Planer for nybygg eller omfattende utbedringer eller fornyelse av eksisterende bygninger skal godkjennes av de antikvariske myndigheter. Det samme gjelder med betydelige faste innretninger i forbindelse med gårdsdriften.
- 4 Veier utenom nåværende gårdsvei og vei til kirken samt luftledninger må ikke føres gjennom området.
- 5 Plantelivet i skogfeltene er fredet med de unntakene som følger av punktene 1 og 2
- 6 Pattedyr og fugler er fredet hele året
- 7 For ferdselen i området gjelder friluftslovens bestemmelser
- 8 For å følge utviklingen i det vernede område, komme med forslag til tiltak og uttale seg om spørsmål av betydning for områdets vern, oppnevnes et utvalg bestående av eieren, presten i Veøy sogn, en representant for naturvernmyndighetene og en for de antikvariske myndigheter. Utvalgets medlemmer oppnevner selv sine varamenn.

Det forutsettes at utvalget samarbeider med Molde kommune v/Veøyutvalget og Opplysningsvesenets fond v/vedkommende skogforvalter i saker som berører disse institusjoners interesser.
- 9 Departementet kan etter søknad gjøre unntak fra bestemmelsene ovenfor i den utstrekning det ikke kommer i strid med formålet med fredningen. Forslag til unntak skal alltid forelegges utvalget til uttalelse

## Vedlegg 2 – Naturmangfoldlova

### Nokre viktige reglar i naturmangfoldlova

#### § 4. (forvaltingsmål for naturtyper og økosystemer)

Målet er at mangfoldet av naturtyper ivaretas innenfor deres naturlige utbredelsesområde og med det artsmangfoldet og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype. Målet er også at økosystemers funksjoner, struktur og produktivitet ivaretas så langt det anses rimelig.

#### § 5. (forvaltingsmål for arter)

Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjosområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av.

Forvaltingsmålet etter første ledd gjelder ikke for fremmede organismer.

Det genetiske mangfold innenfor domestiserte arter skal forvaltes slik at det bidrar til å sikre ressursgrunnlaget for fremtiden.

---

#### § 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltingsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

#### § 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

#### § 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.



#### **§ 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)**

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

#### **§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)**

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

#### **§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)**

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

---

#### **§ 36. (landskapsvernområder)**

Som landskapsvernområde kan vernes natur- eller kulturlandskap av økologisk, kulturell eller opplevelsesmessig verdi, eller som er identitetsskapende. Til landskapet regnes også kulturminner som bidrar til landskapets egenart.

I et landskapsvernområde må det ikke settes i verk tiltak som alene eller sammen med andre tiltak kan endre det vernede landskapets særpreg eller karakter vesentlig. Pågående virksomhet kan fortsette og utvikles innenfor rammen av første punktum. Nye tiltak skal tilpasses landskapet. Det skal legges vekt på den samlede virkning av tiltakene i området. I forskriften kan det gis bestemmelser om hva som alene eller sammen med andre tiltak kan endre landskapets særpreg eller karakter vesentlig, om krav til landskapsmessig tilpassing, og om ferdsel som ikke skjer til fots.

For de deler av landskapsvernområdet der bruk er en vesentlig forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det senest samtidig med vedtak om vern etter første ledd legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.

Utkast til forvaltningsplan skal legges frem samtidig med vernevedtaket. Der det også er aktuelt med skjøtelsesplan, skal den inngå i forvaltningsplanen.

---

#### **§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)**

Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan

pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltingsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltingsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

---

## Vedlegg 3 – Kulturminnelova

### Nokre viktige reglar i kulturminnelova

#### § 3. Forbud mot inngrep i automatisk fredete kulturminner.

Ingen må - uten at det er lovlig etter § 8 - sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.

Er marken over et automatisk fredet kulturminner eller i et område som nevnt i § 6, tidligere nyttet til beite eller innmark, kan den fortsatt nyttas til disse formål hvis ikke vedkommende myndighet bestemmer noe annet. Uten tillatelse av vedkommende myndighet må det ikke foretas pløying og annet jordarbeid dypere enn tidligere.

#### § 4. Automatisk fredete kulturminner.

Følgende kulturminner fra oldtid og middelalder (inntil år 1537) er fredet:

- a) Boplasser, huler, hellere med spor etter folk som har holdt til eller arbeidet der, hus- eller kirketufter, kirker, hus og byggverk av alle slag, og rester eller deler av dem, gårdshauger, gårds- og tunanlegg og andre bebyggelseskonsentrasjoner som stapelplasser og markeds plasser, byanlegg og liknende eller rester av dem.
- b) Arbeids- og verkstedsplasser av alle slag som steinbrudd og annen bergverksdrift, jernvinneplasser, trekull- og tjæremiler og andre spor etter håndverk og industri.
- c) Spor etter åkerbruk av alle slag, som rydningsrøyser, veiter og pløyespor, gjerder og innhegninger og jakt-, fiske- og fangstinnretninger.
- d) Vegfar av alle slag med eller uten brolegging av stein, tre eller annet materiale, demninger, broer, vadested, havneanlegg og åreskifter, båtstøer og båtopptrekk, fergeleier og båtdrag eller rester av slike, seilsperringer, vegmerker og seilmerker.
- e) Forsvarsverk av alle slag som bygdeborger, skanser, voller, vollgraver, festningsanlegg og rester av dem og dessuten varder, veter o.l.
- f) Tingsteder, kultplasser, varp, brønner, kilder og andre steder som arkeologiske funn, tradisjon, tro, sagn eller skikk knytter seg til.
- g) Steiner og fast fjell med innskrifter eller bilder som runeinnskrifter, helleristninger og hellemalinger, skålgroper, sliperenner og annen bergskurd.
- h) Bautasteiner, kors og andre slike minnesmerker.
- i) Steinsetninger, steinlegninger o.l.

j) Gravminner av ethvert slag, enkeltvis eller samlede felt, som gravhauger, gravrøyser, gravkammer, brannflakgraver, urnegraver, kistegraver, kirkegårder og deres innhengninger og gravmæler av alle slag.

Det samme gjelder samiske kulturminner som nevnt ovenfor fra mer enn 100 år tilbake.

#### **§ 8.** Tillatelse til inngrep i automatisk fredete kulturminner.

Vil noen sette igang tiltak som kan virke inn på automatisk fredete kulturminner på en måte som er nevnt i § 3 første ledd, må vedkommende tidligst mulig før tiltaket planlegges iverksatt melde fra til vedkommende myndighet eller nærmeste politimyndighet. Vedkommende myndighet avgjør snarest mulig om og i tilfelle på hvilken måte tiltaket kan iverksettes. Avgjørelsen kan påklages til departementet innen 6 uker fra underretning om vedtaket er kommet fram til adressaten.

Viser det seg først mens arbeidet er i gang at det kan virke inn på et automatisk fredet kulturminne på en måte som nevnt i § 3 første ledd, skal melding etter første ledd sendes med det samme og arbeidet stanses i den utstrekning det kan berøre kulturminnet. Vedkommende myndighet avgjør snarest mulig - og senest innen 3 uker fra det tidspunkt melding er kommet fram til vedkommende myndighet - om arbeidet kan fortsette og vilkårene for det. Fristen kan forlenges av departementet når særlige grunner tilsier det. Første ledd, siste punktum får tilsvarende anvendelse.

Bygg, anlegg m.v. som er oppført eller påbegynt i strid med paragrafen her, kan departementet kreve fjernet eller rettet innen en nærmere fastsatt frist.

Tillatelse i medhold av første ledd skal ikke innhentes for bygge- og anleggstiltak som er i samsvar med reguleringsplan som er vedtatt etter denne lovs ikrafttreden. Tilsvarende gjelder for områder som i kommuneplanens arealdel er utlagt til bebyggelse og anlegg, og der vedkommende myndighet etter loven her har sagt seg enig i arealbruken.

#### **§ 15a.** *Dispensasjon.*

Departementet kan i særlige tilfelle gjøre unntak fra vedtak om fredning og fredningsbestemmelser for tiltak som ikke medfører vesentlige inngrep i det fredete kulturminnet.


Blir det satt vilkår for dispensasjonen som fordyrer arbeidet, skal eier eller bruker få helt eller delvis vederlag for denne utgiftsøkningen.

## Vedlegg 4 – Tabell over planlagde tiltak i Veøy landskapsvernområde

	Tiltak	Prioritet	Utførende aktør	Merknader
1	Sauegjerde	1	FM/SNO	Sette opp gjerde våren 2018.
2	Plenklipp	1	Romsdalsmuseet	På areal skravert med grønt rundt bygningane og på kyrkjegarden (delområde 1), sjå vedlegg 5
3	Slått innmarka	1	SNO	Innanfor sauegjerdet, delområde 2, sjå vedlegg 5. Alternativt blir beitedyra slept på for intensivt beite i 2 - 3 korte periodar
4	Slått Katneset	1	SNO	Område skravert med gult på vedlegg 5. Ein gong i året, på hausten. Graset skal bakketørkast i to døgn før det blir fjerna.
5	Beitepussing	1	SNO	Fjerne oppslag av brennesle, siv og andre artar som blir ståande att i beitet (innmarka).
6	Fjerne platanlønn	1	SNO	Fortsette oppfølginga av platanlønn.
7	Fjerne svartelista artar	2	FM/SNO	Kartlegge førekomstar av artar som skal fjernast.
8	Fjerne sjuke asketre	1	SNO	Fortsette oppfølginga av asketrea. Gamle tre som ikkje utgjer ein fare skal stå.
9	Plante nye asketre	2	FM/SNO	Når ny, motstandsdyktig sort eventuelt er avla fram
10	Kyrkjegardsmur		Kulturavdelinga, Fylkeskommunen /SNO/innleigd kompetanse	Restaurere muren
11	Gravminne	1	Romsdalsmuseet	Sette i stand kors og andre gravminne på kyrkjegarden

12	Hageplantar og frukttre	2	SNO/Romsdalsmuseet/innleigd kompetanse	Frukttre og andre hageplantar må skjærast og stellast.
13	Informasjonsskilt	1	FM	
14	Info om kulturminne	2	Kulturavdelinga hos Fylkeskommunen	Oppdatere/halde ved like informasjonstavler
15	Informasjons-brosjyre	1	FM	
16	Kartlegge naturtypar	2	FM/Ekstern konsulent	Kartlegge slåttemark og naturbeitemark
17	Søppel	1	SNO	Rydde søppel i fjæra og elles i verneområdet
18	Bål plass	2	FM/SNO	NB! Informasjon om at søppel skal takast med heim att.
19	Kulturminne	1	Romsdalsmuseet/ Kulturavdelinga, Fylkeskommunen	Vedlikehald av synlege kulturminne
20	Toalett i låven	1	SNO/Romsdalsmuseet	Toaletta skal haldast reine, og tankane skal tømmast ved behov. Ny toalettløysing skal vurderast.
21	Tursti Sjøberget	2	SNO	Rydde stien for å gjere den tydelegare.

## Vedlegg 5 – Kart over planlagde tiltak




## Vedlegg 6 – Planteplan asketre





Vedlegg 7 - Vernekart frå 1970



## Vedlegg 8 – Sakshandsaming av forvaltingsplanen for Veøy landskapsvernområde

Det vart meldt oppstart av arbeidet med forvaltningsplanen 22.05.2014, og eit ope informasjonsmøte om arbeidet vart arrangert 12.06.2014. Forvaltingsplanen har ligge ute til offentleg høyring til grunneigar, organisasjonar og forvaltingsorgan i tida frå 14.06.2017 til 15.08.2017. Høyringa er kunngjort i «Romsdals budstikke».

Desse merknadene til planutkastet har kome inn: (høyringsfrist 15.08.2017):

### **Møre og Romsdal fylkeskommune**

Fylkeskommunen ber om ei presisering av regelverket, ansvar og mynde når det gjeld automatisk freda kulturminne samt automatisk freda kyrkjer og kyrkjestader. Vidare kunne det gjerne ha vore større fokus på svartjordsområda.

Fylkeskommunen er positive til eit samarbeid om istandsetting av kyrkjegardsmuren, men påpeiker at planutkastet er uklart når det gjeld kven som gjer kva når det kjem til ansvaret for gravminna.

Når det gjeld truslar mot kulturminna ber Fylkeskommunen om at det blir informert betre om forbod mot metallsøking, og ber om at overvaking blir vurdert.

Fylkeskommunen er vidare skeptisk til forslaget om å legge E39 over Veøya, og meiner ei slik løysing vil ha påverknad på bruken og forvaltninga av verneområdet, og foreslår å vurdere vern av heile Veøya som landskapsvernområde, samt å vurdere å legge til rette større delar av øya med skilt og merka stiar.

For kulturminne frå nyare tid ber fylkeskommunen om ei presisering av regelverk, ansvar og mynde.

Fylkeskommunen ønskjer ei utdjuing av utsagnet om at «sikring av heile Veøya er eit mål.»

Innspel frå Riksantikvaren er innarbeidd i Fylkeskommunen sin høyringsuttale.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Presisering av regelverk, ansvar og mynde for kulturminne er innarbeidd i Forvaltningsplanen.

Kart som viser utbreiing av svartjordsområda og oversikt over ulike kulturminne er etter høyring lagt ved planen.

Planen viser at ansvaret for gravminna er delt mellom ulike aktørar.

Når det gjeld overvaking av kyrkjegardane og tunområdet er det noko som kan vurderast. Informasjonstiltak om forbod mot metallsporing er innarbeidd i planen.

Traséval for E 39: Forvaltningsplanen for Veøy landskapsvernområde er ein publikasjon frå Fylkesmannen. Fylkesmannen kan fremje motsegn mot arealplanar, og det er derfor ikkje riktig at ein slik publikasjon som forvaltningsplanen tek stilling til trasévalet til E 39.

Slik situasjonen er i dag ser ikkje Fylkesmannen behov for merka stiar eller fleire informasjonsskilt i landskapsvernområdet, men unntak av stirydding på Sjøberget og ei infotavle på Katneset.

Vern av heile Veøya som landskapsvernområde er ikkje særleg aktuelt. Sørøya har ikkje dei kvalitetane eit verneområde etter naturmangfaldlova bør ha.

Sikring av heile Veøya til friluftsmål er interessant, men ikkje relevant i samband med forvaltningsplanen som skal gi retningsliner for forvaltninga av landskapsvernområdet slik det er no. Det er heller ikkje Fylkesmannen som skal fremje forslag om ei slik sikring. Utsegna om at sikring av heile øya er eit mål er tatt ut av planen.

### **Universitetet i Oslo, Kulturhistorisk museum**

Merknaden frå Universitetet i Oslo handlar i stor grad om at dei arkeologiske verdiane på heile Veøya er svært dårleg skildra i planutkastet. Den vesentlege svakheita ved utkastet til forvaltningsplan er at det ikkje skildrar meir presist utbreiinga av mellomalderkjøpstaden. Dette kan føre til ulovlege inngrep i marka. Merknaden inneheld også nokre faktaopplysningar om kulturminne som ikkje er nemnt i planutkastet. Vidare blir det forklart saksgang og utøving av mynde ved inngrep i automatisk freda kulturminne.

Universitetet i Oslo reagerer på at det i planutkastet er halde fram ei underleg utsegn om at Veøy landskapsvernområde hovudsakleg er interessant som kulturlandskap, og dei viktigaste verdiane ligg i opplevinga av eit ope kulturlandskap.

Det blir vidare påpeikt at det korrekte namnet på neset i vest er «Katneset».

### **Fylkesmannen si vurdering**

Kart som viser svartjordsområdet (utbreiinga av mellomalderkjøpstaden) er lagt inn i planen. Faktaopplysningar om kulturminne (innanfor landskapsvernområdet) som ikkje var nemnt i planutkastet er tatt inn i planen. Kapittel 5 «Sakshandsaming» er endra.

Utsegna om at Veøy landskapsvernområde hovudsakleg er interessant som kulturlandskap, og at dei viktigaste verdiane ligg i opplevinga av eit ope kulturlandskap står i punktet 2.6.1. «Vegetasjon» i kapittelet 2.6. «Bevaringsmål». Når det gjeld vegetasjonen i Veøy landskapsvernområdet står Fylkesmannen for den utsegna.

Namnet på neset i vest er endra til «Katneset» i teksten.

Generell kommentar:

Forvaltningsplanen gjeld for landskapsvernområdet. Den er utarbeidd med utgangspunkt i verneforskrifta for Veøy landskapsvernområde. Formålet med fredinga er å ta vare på eit historisk kulturlandskap med et eigenarta naturmiljø omkring gamle Veøy fylkeskyrkje, jf. verneforskrifta kap. II. Omgrepet *historisk kulturlandskap* omfattar ikkje arkeologiske kulturminne under bakken. Dette er grunnen til at arkeologien ikkje er detaljert skildra i denne forvaltningsplanen. Planen skal heller ikkje gi retningslinjer for det som ikkje er heimla i verneforskrifta. Arkeologiske kulturminne er ikkje nemnt i forskrifta anna enn indirekte i Kap II 2.:

*«Planer om endrede bruksformer i jord- og skogbruk som kan innvirke på landskapets egenart, skal på forhånd forelegges naturvernmyndighetene og de antikvariske myndigheter og være betinget av disses godkjenning. Alle planer som medfører graving i grunnen skal på forhånd forelegges det arkeologiske sentralmuseum som området sorterer under til godkjenning.»*